

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak – 2015

- søknadsskjema

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak i Hordaland, søknadsskjema for støtte for 2015. Send skjema til Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller sentralarkivet@hfk.no innan **1.april 2015**. Ver venleg å merke søknaden med: "Miljøorganisasjonar", Ref: 2014/23340".

Kontaktperson: Tale Halsør, tale.halsor@hfk.no, 55 37 80 11. Meir informasjon på www.hordaland/miljo

1. Søkjar

Namn på søkjar:	Fjell kommune		
Prosjektnamn:	Fjell kommune sykklar		
Kontaktperson:	Marit Selberg Sigurdson		
Adresse:	Fjell rådhus, Straume, Postboks 184, 5342 Straume		
Telefon:	55097373	E-post:	marit.sigurdson@fjell.kommune.no
Kontonr:	8580.14.08600	Organisasjonsnr:	951 996 777

2. Søknad

Totalbudsjett:	65 000	Søknadssum:	20 000
Planlagd start:	01.05.2014	Planlagd slutt:	
Har de søkt om tilskot til prosjektet tidlegare?	Skal evaluerast i 2017		
a) Målet med prosjektet			
<p>Fjell kommune ønskjer ei endring i reisemiddelfordelinga, der ein mykje større del av persontransporten vert sykkelbasert. Sykling er ein svært effektiv og billig transportform som gjer det enkelt å ta seg fort fram på kortare avstandar. Dersom tilhøva blir lagt til rette er det potensiale for at mange av dei korte bilreisene i kommunen kan bli overført til sykkel.</p> <p>Fjell kommune ønskjer å gå foran med eit godt eksempel og legge til rette for at eigne tilsette skal bruke sykkel. Eitt tiltak er å erstatta dei korte, bilbaserte tenestereisene som tilsette i Fjell kommune utfører i løpet av arbeidsdagen, med el-sykkel. Vi har allereie kjøpt inn to el-syklar som alle tilsette i kommunen kan nytta i arbeidstida. Tiltaket er svært populært. Både helseinstitusjonar og skular har meldt si interesse for el-sykkelprosjektet, og vi ønskjer no å utvida sykkelparken. Midlane skal nyttast til innkjøp av ein ny el-sykkel, med skilt, hjelm og sykkellås.</p>			
b) Kvar skal prosjektet gjennomførast?			
I Fjell kommune			
c) Samarbeidspartnarar			
d) Er kommunen involvert i prosjektet og evt korleis			
<p>Vi driftar prosjektet. I 2014 brukte vi kr. 45 000,- til to el-syklar, roll-up, 100 refleksvestar m/trykk, metallskilt til syklane, sykkellås og sykkelhjelm.</p> <p>El-syklane er ein del av ei breiare sykkelsatsing i kommunen. Sykkelstrategi med tiltaksplan er på høyring i desse dagar.</p>			
e) Korleis bidreg tiltaket til betra miljø og berekraftig utvikling?			

Vegtrafikken er ei stor kjelde til utslepp av NO2 (nitrogendioksidar), benzen og svevestøv. Desse utsleppa fører til lokale miljøproblem, særskilt luftforureining, noko som skapar reelle helseproblem for fleire utsette grupper. Det å få fleire til å velja sykkel framfor bil er difor viktig for å redusera utsleppa og betra luftkvaliteten på skuleveggar og i bumiljø. Vegnettet på Litlesotra har ikkje kapasitet til å ta unna personbiltrafikken, verken i dag eller i framtida.

Ein aktiv sykkelpolitikk er ein viktig del av ein meir miljøvenleg sentrums- og tettstadpolitikk, og å nytta el-syklar som supplement til tenestebilar bidreg til færre bilar på vegane og redusert klimautslepp.

2. Kort budsjettoversikt for 2015

Inntekter	kr	Utgifter	kr
Driftsstøtte frå HFK	20 000	Lønsutgifter	
Medlemskontigent		Kontorutgifter	
Andre inntekter		Møteutgifter	
		Aktivitetsutgifter	
		Andre utgifter	20 000
Sum inntekter	20 000	Sum utgifter	20 000

Alle finansieringskjelder (som eigne midlar, kommunale, fylkeskommunale, statlege og private tilskot, dugnader og gåver) skal spesifiserast. Budsjettet skal balansere.

Fjell kommune brukte 45 000,- kr. + lønsutgifter i 2014. I 2015 nyttar vi personalressursar til å drifta prosjektet. Lønnskostnadane er ikkje rekna ut

3. Kort oversyn over planlagde aktiviteter i 2015 (maks ei halv side)

Innkjøp av ein el-sykel til bruk for kommunen sine tilsette. Innkjøp av hjelm, lås og skilt til sykkelen.



Dei to tenestesyklane vi har står i Servicetorget på Fjell rådhus, og vert mykje nytta av tilsette i kommunen. Vi håper å kunna utvida sykkelparken til tre el-syklar i 2015, og moglegvis fleire etterkvart.

Søkjara som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport for bruk av tilskotet. Dette skal gjerast seinast 1. april 2016. Om søknaden ikkje er fullstendig utfylt eller det manglar relevante vedlegg, kan det ikkje ventast at han vert handsama.

Leiar: _____ **(namn)** **Dato:** _____ **(underskrift)**